

Utover understående vert NFF sitt regelverk for 5arotball (inne) nytta. Nokre presiseringar:

1. Registrering av lag

Lagliste leverast sekretariatet før første kamp.

Betaling av deltakaravgift gjerast til konto på førehand eller til sekretariat før første kamp.

2. Kampreglement

Lag som ikkje møter til oppsett kampstart taper kampen 3-0.

Kamplengde er 13 minutt.

2.1 Lag

Kvart lag har 4 utespelarar på banen + målvakt. Max 11 på laget totalt.

Berre keeper kan spele på 2 lag. Avtalast med sekretariat.

Innbytte skjer ved boks (innbyttarbenk).

Alle spelarar må nytte leggskin.

2.2 Kampreglar

Offsideregelen nyttast ikkje. Alle frispark er direkte.

Ball over sidelinja: Innspark erstattar innkast, kan ikkje score direkte frå innspark.

Innspark må takast innan 4 sekund. Viss ikkje, overtek motstandaren.

Ved innspark skal ballen ligge i ro på linja.

Motstandar vera minst 2 meter unna på innspark, og 5 meter unna på frispark og hjørnespark.

Ball over dømlinja: Corner eller målkast.

Ball i taket: Innspark i linje med treffpunktet.

Farefullt spel og protestar mot dommaravgjerder og fornærmande språkbruk/gestikulering straffast med at dommaren ber trenaren bytte.

2.3 Særskildt om målvakt/målkast

Målvakt *kan* forlate målfeltet.

Målsark erstattast av målkast. Målvakt må stå i målfeltet når han kastar ut.

Når ballen er i spel, kan keeper kaste så langt han vil.

Ballen må setjast i spel innan 4 sekund. Viss ikkje: frispark til motstandar på 6 m.

Ved målkast kan ballen ikkje kastast over midtstrek utan å berøre golvet eller ein spelar.

Målkast over midtstrek gjev frispark til motstandar på midtstreken.

Målkast takast på nytt om ballen berører ein spelar før den er ute av målfeltet.

Viss keeper berører bevisst tilbakespel med hendene, får motstandar frispark på 6 m.

2.4 Straff

Det er ikkje gult kort/utvisning i klassane 10-12 år, men dommar kan be ein trenar om å bytte spelaren ut, om dommaren meiner det er naudsynt.

3. Protest

Ein protest må varslast av lagleiar ved kampslutt og leverast skriftleg til sekretariat innan 15 minutt etter kampslutt. Ein må betale ei protestavgift på 200 kr, som kun tilbakebetalast om ein får medhald. Turneringsleiar, sekretariat og kampens dommar avgjer i samråd utfallet av protesten.